



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Silje Aileen Hjortland Haukedal, 5557 2351

Vår dato
23.06.2014
Dykkar dato
21.05.2014

Vår referanse
2014/6682 423.1
Dykkar referanse
14/160

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Radøy - Gnr 23 bnr 7 - Marøy - Avvisingsvedtak

Fylkesmannen viser til kommunen si oversending motteke her den 21.05.2014.

Saka gjeld klage på kommunalt vedtak om å avvise klage etter forvaltningslova (fvl).

vedtak:

Fylkesmannen opphevar Radøy kommune sitt vedtak av 09.12.2013.

Bakgrunn for saka:

Eigar av gnr. 23 bnr. 7 har søkt om utsleppsløyve. Løyve vart gjeve i vedtak datert 11.01.2013, sak 08/13, samt at det vart gjeve byggeløyve til minireinseanlegg i vedtak datert 11.01.2013, sak 09/13.

Vidar Marøy klaga på vedtak om utsleppsløyve i brev motteke kommunen den 05.09.2013.

Radøy kommune avviste klagen i vedtak av 09.12.2013. Advokatfirmaet Torkildsen og Co har påklaga avvisingsvedtaket på vegne av Vidar Marøy i brev datert 20.12.2013, samt med utfyllande klage i brev datert 20.01.2014.

Radøy kommune handsama klagen den 18.03.2014. Klagen vart ikkje teke til følgje og saka vart sendt Fylkesmannen for endeleg handsaming.

Når det gjeld bakgrunnen for saka elles, syner vi til saksdokumenta som vi føreset at partane er kjende med. Fylkesmannen finn saka tilstrekkeleg opplyst, jf forvaltningslova (fvl) § 17 første ledd.

Fylkesmannen ser saka slik:

Fvl gjeld for Fylkesmannen si handsaming av saka. Etter fvl § 34 kan Fylkesmannen prøve alle sider av saka, og ta omsyn til nye omstende. Klageinstansen kan anten stadfeste, omgjere eller oppheve kommunen sitt vedtak.

Radøy kommune har avvist klagen som følgje av at det er klaga for seint, og dei ikkje fann grunnlag for å gje oppreising for klagefristen.

Det følgjer av fvl § 29 at *«fristen for å klage er 3 uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part»*.

Fylkesmannen er samd med kommunen i at det i denne saka er klaga ca 8 månadar etter vedtaksdato. Dette er heller ikkje bestridt av klagar.

Spørsmålet er dermed om det kan gis oppreising for at klagefristen er gått ut, jf fvl § 31.

Det kjem fram i fvl § 31 at:

«Selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såframt

a) parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller

b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.

Ved vurderingen av om klagen bør tas opp til behandling, skal det også legges vekt på om endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.»

Klagar hevdar prinsipalt at han er part i saken. Kommunen er ikkje samd i dette og grunngjer det med at han ikkje er nabo. Kommunen finn likevel og at han har rettsleg klageinteresse i saka.

Fylkesmannen er ikkje samd med kommunens vurdering på dette punkt. Det kjem fram av eigedomskarta at gnr. 23 bnr. 7 og bnr. 17 grensar til kvarandre på vest sida av vegen ettersom bnr. 7 har ein parsell på denne sida av vegen. Dette inneber at bnr. 7 og 17 er naboar og bnr. 17 skulle da vært nabovarsla, og er part i saken.

Fylkesmannen finn at det er ein sakshandsamingsfeil at klagar ikkje er varsla i saka, og han må vidare regnast som ein part ved vurderinga om det bør gjevast oppreising for klagefristen.

Klagar kan ikkje lastast for at klaga har kome inn for seint. Det er tiltakshavar og kommunen som må lastas for at klagar ikkje har blitt nabovarsla og vidare varsla om vedtaket. Klagar har klaga på vedtaket innan 13 dagar etter han blei gjort merksam på det, dette er innafor den alminnelege klagefristen. Fylkesmannen finn vidare at innrettingsomsynet for tiltakshavar ikkje kan gis avgjørande betyding.

Etter ei konkret vurdering finn Fylkesmannen at det ligge føre grunnar for å gje oppreising for klagefristen, jf fvl § 31 bokstav a.

Klaga på avvisingsvedtaket tas etter dette til følgje.

Fylkesmannen opphevar Radøy kommune sitt vedtak datert 09.12.2013, og gjer oppreising for klagefristen. Saka sendast dermed tilbake til kommunen for vidare klagehandsaming.

Fylkesmannens vedtak på side ein er endeleg og kan ikkje påklagast, jf fvl § 28 tredje ledd.

Vi vil avslutningsvis opplyse om mogeligheta til å krevje sakskostnadar dekkja etter fvl § 36.

Med helsing

Karen Elin Bakke e.f.
seniorrådgjevar

Silje Aileen Hj. Haukedal
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Vidar Marøy

Marøyvegen 330 5937 BØVÅGEN

Magne Marøy

Marøyvegen 331 5937 BØVÅGEN

Advokatfirmaet Torkildsen & Co Bergen AS

Bryggen 15 5003 BERGEN

v/advokat Nina Kibsgaard